

## Styreleders tale til årsmøtet i AT SKOG SA – 2016

Arendal 20. april 2016.  
Styreleder Olav A. Veum

Kjære alle sammen! Det er veldig hyggeleg å sjå dykk alle igjen. Som vanleg har vi ein del nye fjes i salen, etter lokallagsvalga nå i vinter. Eg vil nytte høvet til å ønskje dykk alle hjerteleg velkommen til årsmøte her i AT Skog, og særleg velkommen til dykk som er nye. Årsmøtet er ein viktig arena for ein medlemsorganisasjon som AT Skog.

I dag skal vi ha ein spennande dag. Vi skal rapportere om det som har skjedd i året som har gått. Men vi skal også sjå framover. Skognæringa er inne i ei veldig spennande tid. Det er ei krevjande tid også – men innledningsvis vil eg fyrst og fremst understreke betydninga av at vi evnar å sjå dei moglegheitane vi har som næring. Vi er i endring både som bransje og organisasjon. Det har stor innverknad på korleis vi organiserar oss og kva slags resultat vi oppnår.

### **Omstilling**

2015 – meldingsåret – har vore eit år prega av omstilling. Det er fleire grunnar til dette. Vi har hatt eit direktørbytte som ofte skapar grunnlag for endringar. Den viktigaste årsaka til behovet for omstilling ligg imedan i marknaden og korleis bransjen totalt sett har måtta omstille seg på kort tid.

Inntil for få år sidan var vår marknad i all hovudsak basert på nasjonale kundar. Vi har lenge hatt tømmertransportar via havn på båt både ut av regionen og ut av landet. Men dette har aldri vore eit dominerande kvantum. Etter nedlegging av store delar av vår massevirkeforbrukande industri har denne situasjonen snudd seg. Vi er per i dag heilt avhengig av ein internasjonal marknad, som stiller heilt andre krav til oss som leverandørar.

Ein kan sjølv tenke seg. Ta for eksempel massevirke. Vi hadde langsiktige avtaler om leveranse av fallande lengder til ein bedrift eller terminal, der vi kunne levere fortløpande ettersom hogsten i skogen skreid fram og transportkapasiteten klarte å sluke unna. Innimellom stor innkøyring, i periodar med teleløyning og vanskelege driftsforhold låg innkøyring. Variasjonane var relativt enkle å handtere. Det var ikkje store variasjonar i krav til kapping. Ein kunne stort sett levere ut frå kva ein produserte. I dag er situasjonen nær snudd på hovudet. Hogst har blitt skreddersøm. Vi inngår framleis avtaler på større volum over eit lengre tidsintervall, men nå må produksjonen i langt større grad tilpassast strenge krav til faste lengder, eksakte volum til ei gitt tid. Skal det gå ein båt ein torsdag med 5000 kubikk tømmer der lengda må vere 2,5 meter, så må det ligge 5000 kubikk med 2,5 meter tømmer på den kaia klar til den torsdagen. Ikkje mindre – ikkje meir. For det er ikkje sikkert at det nettopp er det sortimentet vi skal levere neste gong.

Som de sikkert skjønner er denne måten å drive tømmer salg på ganske ulik fra den vi har hatt som dominerende form tidligere. Omstillingsarbeidet i AT Skog i 2015 har vært preget av dette. Omlegginga av organisasjonen og måten vi organiserer tømmeromsetninga vår på, var hovedoppgåva til Anders då han gjekk på som adm.dir. 1. januar 2015. Det er derfor med stor tilfredshet eg ser at vi har kome langt i omlegginga. Vi har endra organisasjonen og funksjonen til dei flinke folk som jobbar i AT Skog. Målet med omorganiseringa har vært å få betre produksjonsstyring og sikre at vi kan vere ein betre leverandør. Samstundes har vi hatt ønske om å gjere skogbruksleiaren betre i stand til å vere ute. Vere aktivt på besøk hjå skogeigarar – i dialog om dei tenestene skogeigarar ønsker utført.

Dernest har det vært viktig å profesjonalisere oppfølginga av entreprenørkorpset. Skogsdrift anno 2016 er i mange tilfelle høgteknologisk verksemd. Det meste av operasjonen frå stubbe til industri er digitalisert. Vi har utvikla gode system som sikrar effektiv drift, korrekt kapping og rasjonelle oppgjær. Dette krev kompetanse, noko vi har styrka i ny organisasjon.

Eg opplever at vi med føtene godt planta i 2016 har kome langt i omstillingsarbeidet. Men vi er ikkje ferdige og det har kosta. Eg skal sei litt meir om det økonomiske resultatet litt seinare, men det er ikkje tvil om at delar av det negative resultatet vi hadde i 2015 hadde samanheng med ein marknad i endring.

Vi ser imedann etter dei fyrste 3 driftsmånadane i 2016 at driftsmodellen vår fungerer godt. Vi har sunne økonomiske resultat så langt, og ligg godt an i høve til budsjett. Etter kraftig vekst i 2015 ser vi at volumet som omsettast gjennom AT Skog aukar monaleg også i 2016. Det er gledeleg. Ikkje minst er det gledeleg å kunne meddele at vi for sommaren 2016 varslar ein prisoppgang på 20 kr m<sup>3</sup> for sagtømmer gran. Dette som ein funksjon av generelt høgare etterspørsel, men ikkje minst fordi vi har evna å betre marknadsadgangen for tømmer frå AT Skog.

### **Marked**

Like viktig som god avsetning og organiseringa av korleis vi driv verdikjeda frå skog til industri, er sjølv marknaden for tømmer. Det er ikkje tvil om at markedet for skogeigarane i AT Skog har hatt store utfordringar etter bortfallet av massevirkeindustrien i området. Ikkje bare påvirkar det oss som skogeigarar, men også sagbruka er avhengig av ei lønsam avsetning for sine biprodukt i form av flis. Vi er også preget av at vi har mindre konkurranse om sagtømmeret enn det vi ser for eksempel lenger aust i Norge der det svenske markedet er eit lokalmarked i tillegg til det norske. Dette saman med relativt lange transportavstandar for tømmeret i AT Skog, har skapt eit noko lågare prisnivå i vårt område enn lenger aust. Det er ikkje akseptabelt. Som skogeigarandelsslag er vi opptatt av å sikre best mogleg pris til våre skogeigarar. Det er vår viktigste oppgåve i tillegg til å sikre avsetning og korrekt oppgjær.

Marknaden for tømmer er internasjonal. Prisen fastsettast ut frå tilbod og etterspørsel blant kjøperar som både er norske og utanlandske. AT Skog har vært opptatt av å vere ein forutsigbar og konkurransedyktig leverandør av tømmer til dei industribedriftene som ligg i vårt område. Og vi har heldigvis gode og langsiktige kundar. Men vi må tilpasse oss at markedet er internasjonalt. I takt med meir internasjonalt fokus og ein valutasisuasjon som i 2015 gav eksport frå Norge eit konkurransefortrinn, har også eksporten av sagtømmer auka

frå AT Skog. Først og fremst sikrar det oss avsetning, men det gir også impulsar inn i markedet som er viktige. Vi får større etterspørsel. Det er klart positivt.

Så er eg av den klare oppfatninga at vi burde legge til rette for alt tømmeret frå dei norske skogane vert foredla her i landet. Når vi på landsbasis i 2015 eksporterte over 4 mill m<sup>3</sup> er det eit kraftig signal. Norge som samfunn går glipp av store inntekter og viktig sysselsetting. Det vil opplagt vere betre for oss skogeigerar også om virket kan foredlast lokalt, og med det redusere transportkostnadene. Men mest av alt ligg det ein stor moglegheit i å skape verdier av eit fornybart råstoff.

### **Det grønne skiftet**

Utviklinga med stadig større utanrikshandel er eit paradoks. Store delar av landbasert massevirkeindustri er lagt ned. Ein klarte ikkje å drive konkurransedyktig med norske rammevilkår. Samstundes investerast det meir enn nokon sinne i våre naboland. Både i sagbruk og massevirkeindustri. Dette skjer samtidig med at vi ser ei slags krise i den næringa som kanskje i størst grad har bidratt til den norske kostnadsveksten – olje og offshore. Det er på høg tid at vi evnar å verkeleg sette fokus på nye næringar som kan bidra til verdiskaping i Norge. Som kan vere med på å oppretthalde velstands nivået. Då er det urovekkande at vi gir frå oss potensielle milliardinntekter og tusenvis av arbeidsplassar ved å sende tømmer som råstoff ut av landet.

I tillegg har vi klimakrisa. FN sitt klimapanel har slått fast at det er heilt umogleg å løyse utfordringa med global oppvarming utan sterk auke i bruk av skog som fornybar ressurs. Både i form av auka binding og gjennom å erstatte ikkje fornybare produkt med fornybare. Som for eksempel biodrivstoff.

Summen av behovet for ny verdiskaping og klimavennleg vekst, skaper eit unikt rom for skognæringa. Erkjenninga er i ferd med å kome. Skogens rolle i klimasamanheng vart slått fast i klimameldinga som kom i 2015. Vi har fått ordningar for planting av skog med klima som argument. Vi har fått endringar i avgiftsregimet for biodiesel for å nemne noko.

Men det må meir til. Vi må ha ein heilskapleg og kraftfull politikk. Litt likt det som skjedde då ein oppdaga store oljeforekomstar på den norske kontinentalsokkelen i 1969. Verdiskapingspolitikken som vart utforma for oljenæringa på starten av 70-tallet er eit godt døme. Norge må ville dette. Provet på om vi lykkast er om vi faktisk får bygd ny industri i Norge, om vi faktisk greier å snu eksportstraumen av tømmer. Det er positivt at regjeringa har bestilt ein eigen Bioøkonomistrategi. AT Skog og Skogeigarforbundet har bidratt aktivt inn i denne, og vi ventar på resultatet om ikkje lenge.

Uansett kva staten gjer, trur eg det vil vere heilt naudsynt at vi som skogeigarar også tar ansvar. Våre skogars verdi er avhengig av tømmerets verdi. Vi vil ha interesse av at det blir skapt ny industri. AT Skog har gjennom 2015 jobba aktivt for dette både gjennom eksisterande industriengasjement, men også i avansert forskning knytt til ny industri. Vi jobbar også for å få på plass ordningar som gjer det mogleg å reise kapital. Skogindustri på rette måten har eit stort potensiale. Tre som byggemateriale er framtidens løysing. Eg trur vi kjem til å få fleire spennande moglegheit framover og at vi skal vere med på å gripe dei.

## Endringar i SkogNorge

Som nemnt tidlegare har marknaden for tømmer endra seg kraftig. Dette har innverka på korleis vi som andelslag driv vår verksemd. Det påvirkar også forholdet og samarbeidet mellom dei norske aktørane i virkesmarknaden, også blant skogeigarsamvirka. Inntil for få år sidan var det relativt klare geografiske grenser for kor dei ulike opererte. Glommen var i Glommen sitt område, Viken var i Viken. Dette har endra seg. Lengre transportavstandar og internasjonale kundar har sett vårt samvirkeprinsipp om lik pris levert bilveg på prøve. Det har blitt sterk konkurranse, særleg i områda som ligg nær industri eller kai, og på drifter som er store og rasjonelle.

AT Skog har hatt ønske om å vidareføre samvirkeprinsippa i vårt andelslag. Vi meiner det er viktig at vi opptrer som eit kollektiv. Det sikrar oss forhandlingmakt og gjer oss i stand til å investere i infrastruktur til beste for heile fellesskapet. Vi har møtt konkurransen aktivt, både gjennom kraftig kostnadsreduksjon og men også ved endring i prismodellane som i dag inneber at vi har ein viss differensiering av tømmerpris avhengig av marknadssituasjon og transportavstand. Dette har ikkje vore lett. Vi har vore opptatt av å forankre desse løysingane, og alle er ikkje like fornøgde med alt. Eg meiner imedan den modellen vi har i dag er ein rettferdig og god modell som sikrar gode vilkår for flest mogleg av våre skogeigarar. Vi har vekst i voluma og marknadsandelen er stabilt høg. Det er bra for alle.

Så vil det sikkert framover vere enkeltaktørar som vil forsøke å gjere seg lekke i vårt område og "skumme fløten". Over tid vil dette ikkje vere verdiskapande for oss som skogeigerar. Vi ser tilfelle av at dette i sum er med på å dra prisnivået på tømmer ned. Det gjer det også langt vansklegare å få til nasjonale samarbeid om industriutvikling.

AT Skog som andelslag har så langt valgt å ikkje drive kjøp og salg av tømmer utanfor eigen geografi. Det gangnar ikkje våre skogeigerar. Vi kjem til å ha fokus på å bli gode i eige område, og heller etablere strategiske samarbeid med andre aktørar utanfor eigen geografi. Vi kjem også framover i langt større grad til å køyre kampanjer. Ein skogeigar i AT Skog skal vere trygg på at AT Skog kan levere konkurransedyktige vilkår.

I løpet av 2015 skjedde det mykje på strukturfronten i SkogNorge. Den nasjonale skogstrategien Skog 22 peika nettopp på behovet for ei strukturrasjonalisering i vårt ledd, og skogeigarsamvirket har verkeleg følgd opp. Vi har fått ein fusjon på Vestlandet til nye Vestskog. Havass og Glommen har fusjonert til Glommen. Viken og AT Skog har etablert eit felles salgsselskap for utanrikshandel – Viken AT Market. AT Skog har kjøpt NEG, Viken har kjøpt SB Skog frå Statskog, med påfølgande videresalg av 34 % til AT Skog. Sist har Mjøsen og Glommen vedtatt å etablere felles salgsselskap for utanrikshandel.

Eg vil påstå at skogeigarsamvirket er offensive og handlekraftige. Dessverre har vi eit konkurransetilsyn som ikkje ser det heilt på samme vis. Vi fekk i går avslag frå Konkurransetilsynet på kjøpet av NEG. Dette vil bli anka. Vi er i tillegg blitt pålagt å varsle innkjøpet i SB Skog som betyr at også dette drar ut i tid. Dersom vi skal utvide samarbeidet i Viken AT Market vil det også kreve nye rundar med Konkurransetilsynet. Vårt statlege kontrollorgan for konkurranse oppfatar ikkje at marknaden for tømmer i vårt område er internasjonal. Det er heilt utruleg nå vi ser korleis dette fungerer i praksis. At vi som næring og AT Skog som relativt liten aktør i eit nordisk marked, ikkje skal få lov til å utvikle vår

verdikjede for å drive meir rasjonelt og spare kostnader, er oppsiktsvekkande. Det er fristande samanlikne situasjonen med kva norsk daglegvarehandel har fått lov å gjere dei siste åra. Like viktig som at staten legg til rette for ny industri er det også viktig at staten ikkje legg hindringar i vegen for utvikling som er samfunnsøkonomisk lønsam. Vi reknar med fleire avklaringar i desse sakene om kort tid og vil halde organisasjonen godt orientert.

Vi er imedan svært godt fornøgd med den alliansen vi har etablert med Viken. Det har på sett og vis utkrySTALLISERT seg nokre klare blokkar i skogeigarsamvirket det siste året. For AT Skog er det viktig at vi er ein aktiv part i dette.

Konkurransen mellom andelslaga er lite framtidsretta, men vi må leve med det. Det skapar også friksjon i samarbeidet oss i mellom. Eg vil likevel minne om at vi er relativt ferske som konkurrentar og at dette vil måtte finne si form etterkvart. Vi ser mange konkurrentar innafor andre bransjer som samarbeider godt i næringspolitiske saker. Eg er heilt klart av den oppfatning at vi som skogeigarar er best tent med å stå saman å bygge gjennomslagskraft i fellesskap. Skogbruk er ei relativt lita næring i Norge. Då er ikkje vegen for større forståing og betre tilrettelegging for vår næring ei oppsplitting og fragmentering.

### **Fokus på grunneigarrettar**

Eg har til nå snakka mykje om marknad og tømmeromsetning. Det er naturleg i ei leiartale for eit tømmeralslag. Men det er opplagt viktig at vi som felles interesseorganisasjon også har eit stort fokus på grunneigars råderett over egne areal.

Vi opplever eit sterkt press frå samfunnet og ulike interessegrupper på korleis vi driv vår verksemd. Mange har meiningar. Skogbruk påvirkar naturen. Noko anna ville vere heilt feil å hevde. Det skjer ei stor endring i eit område når skog som kanskje har stått på ein plass i 50-100 år vert avvirka. Det påvirkar livsmiljøet for planter og dyr og det fører til endringar i landskapet.

Vår aktivitet er likevel godt forankra. Vi forvaltar våre skogar etter prinsippet om frihet under ansvar. Skognæringa har tatt store grep dei siste 20-30 åra for å sikre omsynet til biologisk mangfald, friluftsliv, sosiale forhold etc. Norge er eit av dei landa i verden med høgast andel sertifisert skogareal. Vi skal vere stolte av denne utviklinga.

Men det er ikkje til å legge skjul på at vi stadig får fleire restriksjonar vi må forhalde oss til. Rovdyrpolitikk, friluftslav, melding om biomangfald, naturindeks er nokre eksempel. Her må vi kjempe ein kamp i fellesskap for å sikre grunneigars råderett. Eg meiner vi har gode faglege argument for at skogbruk anno 2016 vert drive på ein miljømessig svært god måte. I tillegg bidreg vår aktivitet svært positivt til klimautfordringa.

Og vi oppnår resultat som styrkar grunneigarretten. I 2015 fekk vi endeleg innført endringar i Tomtefesteloven som justerar opp den urett som mange grunneigarar hadde blitt utsett for i tomtefesteloven frå 2004. Skogeigarsamvirket var einaste organisasjon som sørga for at denne saka vart prøva for menneskerettsdomstolen i Strasbourg, og vi vant. INON omgrepet som hindra tilskot til skogsvegar i randområda for såkalla inngrepsfrie område vart fjerna. Vi har fått inn ei ny ordning for naturkartlegging som erstattar tidlegare og meir tilfeldige registreringar. Alt i sum viktige saker som vi har jobba for i fellesskap med stor fagleg tyngde.

Vi skal høyre meir om næringspolitikken seinare i dag. Mitt poeng er at vi som skogeigarar må evne å stå saman i fellesskap om desse sakene. Sjølv om det brusar i marknaden for tømmer. Den faktiske grunneigarretten må ikkje svekkast meir enn det vi har sett til nå. Det fordrar også at vi som skogeigarar framleis er ansvarlege i vår forvaltning. Vi må sørge for god foryngelse etter hogst. Vi må følge opp dei miljøkrava vi har sagt vi skal følge. Men når vi gjer det må vi også forvente at vår frihet til å gjere ansvarlege valg på eigne eigedommar fraktisk vert oppretthalden.

### **Økonomisk resultat**

Som nemnt innleiingsvis fekk AT Skog i 2015 eit negativt økonomisk resultat på om lag 15 millionar kroner. Det er ikkje tilfredstillande. Administrasjonen vil kome attende til den konkrete rekneskapen seinare i dag, men eg vil likevel kommentere dette kort. Hovedgrunnen til resultatet ligg ikkje i auka kostnader for drift. Det er viktig å understreke. Vi har hatt god kontroll på driftskostnadene i AT Skog. Desse er redusert dei siste åra, og arbeidet med å vere konkurransedyktig gjennom lågast mogleg driftskostnader vil halde fram.

Når vi likevel fekk eit minusresultat skyldast dette i hovudsak den ordninga vi innførte for noko tid sidan med garantipris ved tømmerleveranser. Det var eit stort ønske om å få ein garanti for skogeigar om at den prisen ein avtalte ved avtaleinngåelse skulle gjelde uavhengig av når tømmeret vart levert. Når så prisen gjekk ned mot slutten av 2014, og vår marknad endra seg slik eg har omtala tidlegare, drog vi med oss garantien inn i 2015. Litt enkelt sagt førte til at vi betalte ut ein litt høgare tømmerpris enn det det var grunnlag for. Dette har altså kome skogeigarar til gode, men det er ingen unskyldning. AT Skog må sørge for at oppdrag blir utført raskt. Vi må sørge for at det er ein god samanheng mellom den prisen vi kan tilby skogeigar og den prisen vi oppnår i marknaden. Vi har derfor endra ordninga med garantipris. Ein får framleis ein garanti for at den prisen ein blir lova ved inngåing av kontrakt skal gjelde, men for ein tidsavgrensa periode. Det legg press på AT Skog i dei tilfella vi er ansvarlege for å gjennomføre drifta. Det skaper også betre produksjonsstyring. Som sagt innleiingsvis er modellen implementert og våre resultat er nå gode.

AT Skog har ein svært solid og robust økonomi. Vi har i prinsippet ingen gjeld og har ein eigenkapitalandel på om lag 85 %. Vi ser imedan nokre utfordringar knytt til innbetaling av andelskapital i selskapet. Det har fleire av dykk tatt opp som eit problem, ikkje minst for å rekruttere nye medlemmer. Vi vil legge fram ei orientering om denne saka seinare i dag.

### **Framtidsutsikter**

Eg vil avslutte med eit lite blick i glaskula. Vi opplever til dels store endringar både i marknad og blant aktørane rundt oss. Samtidig meiner eg vi i skrivande stund, april 2016, ser fantastiske moglegheit for skognæringa. Vi har eit fornybart råstoff. Det er store marknader som vil etterspørre fleire produkt basert på skog. Det skjer ei rivande utvikling i bruk av tre i bygg. Vi har nye forskningsprosjekt som vil bane veg for nye og lønsame trebaserte produksjonar – også i Norge. Skogens rolle i klimasamanheng er i ferd med å feste

seg. Samanfallet mellom ei global klimakrise og ei nasjonal oljekrise skapar ei fantastisk opning for vår næring.

Det er opp til oss om vi evnar å gripe denne moglegheiten. Om vi klarer å samarbeide. Om vi klarer å bygge tillit oss imellom til å satse i fellesskap. Om vi ønskjer å satse på ei ny framtid for skognæringa i Norge. Eg har tru på at vi i fellesskap som samvirke kan få til store ting. Vi skal jobbe knallhardt vidare for å få det til!

## **Takk**

Eg vil avslutte med å takke. Vi har ein super administrasjon som har vist stor evne til omstilling og ekte vilje til å oppnå resultat. Anders med sine kvinner og menn gjer ein flott innsats for oss kvar dag som vi set stor pris på. Tusen takk!

Eg vil også takke styret for vårt gode kollegie. Det er fleire av dykk som har siste dag "på jobb" her i dag. Det er vemodig. Samstundes er vi veldig takknemlege for den innsatsen som er lagt ned. Som leiar er det ein stor styrke å ha eit solid styre i ryggen som både er modige, kritiske og samarbeidsorienterte. Tusen takk !

La meg også rette ein takk til alle tillitsvalgte som legg ned ein stor innsats i sine lokallag og som bidrar sterkt til at vi er det kollektivt vi er. Tusen takk!

Sist vil eg rette merksemda mot alle dei som utgjer det flotte korpset vi har av entreprenørar og transportørar. Eg er redd det anno 2016 ikkje ville blitt store aktiviteten i AT Skog utan dykk. Tusen takk!

Eg ønskjer alle ein spennande og innhaldsrik dag, og ser fram til eit nytt og spennande år saman om skogens sak!

Takk for oppmerksomheten!